

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 12.11.2019

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Ole G. Vassel, Thorleif Gjernes, og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Liv Bente Steiro

Referent: Kaia

Sak 2019/65: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2019/66: Godkjenning av referat frå styremøte 08.10.19; godkjent

Merk; dato på utsendt referat frå siste møte var feil, skal være 08.10 ikkje 09.10.

Sak 2019/67: Tilstellingar:

- Status romjulsbasar. Me startar sal av loddar på bok etter basar i bedehuset 23.11. Prøver å gå på dørene i bygda og sitte nokre laurdagar på butikken. Innsamling av gevinstar går sin gong, det vert sett ut ein kasse på butikken.
- Status quiz på kulturhuset 23.11.19. Planlegging ok. Me oppmodar alle i bygda om å stille med quizlag. 15 års aldersgrense, bar og sal av enkel mat.

Sak 2019/68: Eigedomar:

Det har vore eltilsyn frå Hardanger Energi i kulturhuset. Inspektøren gav skryt for den tekniske tilstanden til dei elektriske installasjonane, men påpeikte at vi manglar interne rutinar for regelmessig overflatesjekk av utstyr. Skjema for elkontroll vert utarbeidd. Frist for lukking av avvik 26.01.20.

Sak 2019/69: Økonomi/søknader/fristar etc.:

- Avslag på søknad om støtte frå Hardangerstiftinga til prosjekt for ymse el tiltak i kulturhuset. Prøver å sende tilsvarende søknad til OBOS.
- Liv og Lyst: Vi har passert første siling av søknad om støtte for tre-årig prosjekt, som betyr at det er nær godkjent. Reidun HD arbeider med å utvikle søknaden vidare på grunnlag av den rettleiinga dei gav frå LoL-staben i fylket, i samarbeid med andre lag. Fullstendig søknad skal leverast seinast 27. november.
- Avslutning av prøveprosjektet (Liv og Lyst) er avklart med fylket. Vi sit att med ca 23.000 i administrasjonstilskot som dei ynskjer vi skal bruke som betaling for admin.

Sak 2019/70: Ymist:

Engasjement i butikken: Det var styremøte 21. oktober, og innkalla til generalforsamling 18. november.

Styreleiar har fått spørsmål frå organisasjonen One World Insitute / Stiftelsen Den Reisende

Folkehøgskole som driv innsamling av brukte klede om å sette opp ein mottakskontainer i bygda, t.d. ved bosshus ved busstoppet. Jfr www.norgegir.no <<http://www.norgegir.no>> Styret har sjekka litt rundt saken, og ser ikkje at dette er noko å jobbe vidare med.

Styreleiar er nominert og vald til styremedlem i Ullensvang Reiseliv som er ein interesseorganisasjon for reiselivsaktørar i den nye kommunen.

Sak 2019/71: Eventuelt/andre saker:

- Juletre i båthamna – bygdelaget set opp tre og ljøs. Me høyrer med bedehuset om dei vil ha tenning etter laurdagsgraut 30.11.19.
- Blom og blad til nyinnflyttarar. Me tel 5 innflyttarar sidan sist runde, Gunnar går med blom/bladabo i Desember.
- Utstyr kulturhus; Me kjøper inn hjul til stillas («rullestillas»), moppevaskemaskin, «stolhjul» (til flytting av stolstablar) og div kjøkkenutstyr (Marta og Kaia lager liste, meld gjerne ynskjer).
- Kva skjer med ladestasjon for elbil ved butikken? Me prøver å finne ut kva som skjer i saka.

Neste styremøte tysdag 10.12.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus.